



Selskapet Ospelunden AS ved Oddbjørn Kroka har nå kjøpt ei 2 mål stor tomt i Børnes industriområde. I første omgang er hensikten å sikre steinmassar i samband med bustadbyggjinga som er igang i Ospelunden.

Kroka strekar under for uskedalen.no at det er meir fornuftig enn å kjøpa stein ein annan stad. Men på sikt vil dei setta opp eit bygg på tomta utan at dei førebels veit noko meir om det.

Avtaleforslaget for tomta til Ospelunden er no oversendt frå kommunen for underskrift og retur.

Fristen for innlevering av tilbud på infrastruktur på Børnes gjekk ut 20. juni. Hvis tilbudet ligg innanfor budsjett vert det valt entreprenør og sendt inn byggjemelding på kontraktsarbeidet. Kommunen satsar på ein framdrift i prosjektet som går ut på innsending av byggjemelding i veke 27, kontrakt med entreprenør og start av arbeid i veke 33, tinging av fradeling av tomter også i veke 33 og tinglysing av skøyte i veke 39, opplysar saksbehandlar Jarle Fossheim.

Til grunn for prosjektet ligg det politiske vedtaket om at tomtkjøparen skal dekkja alle kostnader i samband med infrastruktur og overdraging av tomt, Areal inntil 2 mål kostar 22 253 kroner. Vert tomta større er taksten 27 000

Det står rundt 20 mål til disposisjon frå fylkesvegen

og innover.

Av Ola Matti Mathisen